Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kviteseid

Emne: Skav. Bygdelag: Brunkeberg

Oppskr. av: Jörgen Heggtveit Gard: Heggtveit

(adresse): Meås, G.nr. 103 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, men ord og talemåtar etter min far Halvor Heggtveit.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Millom alle dei hjelpeforslag som
dei måtte ty te i gamle dagar
hev skav hat ein brei plass.
1. Dei bruka og kalla de skrapfor hell
og naudfor, skogskrap sa some.
Dei bruka de i år då det var lite med
höy. Dei ha lite dyrka i den tid so
avlingi var lita. Det var då berre stuff-
gjäslått, so dei måtte skjöyta innåt
i vårknipa, når höye tok te minke.
2. Det vanlege samnavn ein ha for
foret ein sanka utanom höy, vart
kalla skrapfor hell hjelpefor. (eller og buhöy)
Det vanlege var at ein dela höyet
i tvo „staar“ (navn på höye i låo,
„höystäe“ sa dei. Den eine låo ha dei
det beste i „hestehoy“; den andre „buhöy“
det var blånding av skraphöye.“
Buhöye bruka dei då for det meste for
småkröturi det var myki lauv og blekkje-
gras i de.
3. Noko samnavn ha dei ikkje på skav,
beit og brom som ein kjenner te.
4. Når ein skall böygja gjerningsoret skav

2137

segjer dei: "Me lyt skava. Me skov. Dei skov." Eg skov. Du skov. Han skov. Ho skov."

4. Skave var bruka myki her i bygdi i gamle dagar heilt til ut mot 1900 talet. Då var det meir med nydyrking og ein slapp og ty te so myki skrapfor. Mest kvar vinter måtte dei difor bruka slikt naufor for og berge buskapen gjenom "vårknipa", som dei sa.

5. Dei skov for de meste ask, osp, raun og alm, dei var vanlege, men dei skov og andre lauvtre so nær som hegg og or, dei var beske i smaken.
Det var no ospi som dei helt for finaste skavet.

7. Det er ikkje fortålt om ore skav nev var nytta om andre treslag.

8. Eit rim om dei beste treslagi luar so: "Væren velter, siljo svelter, almen gjøder, raunen føder."

9. Både kjyn og sau og gjeit fekk skav, men ikkje hesten. Det var for tongt og fordøye for den.
Det var at på vårparten at dei tok til med skavet for ålvor, i tøysor bløytor var det blanda saman med andre ting.

10. Kråturi auka i mjølki når dei fekk skav, og romen og smøret vart feitare.
Med vanlege mengdar av skav vart det ikkje vond smøk* på mjåk* og smør.

11. Til vanleg skov dei av den veen dei kjøyrde heim, men henta eller og.

12. "Me lyt te skogen og henta veen

*(smak, segjer dei no. * mjølk)

2137

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kons," sa dei.
13. Dei bruka ikkje noko særs navn
på den veden dei skov, då det var
av den vanlege veden. Men når ein
åtte eit skogstykke til garen sin,
sa dei. „Ja han er då vel faren
som hev „husfang og brenneved".
14. Gjerningsor som „marka" hev
ikkje vore i talen, dei tala berre
om å „på skogen og trösa," ved.
Trösved var kvist og småved som
dei sanka saman og brende om sommåren.*
15. Dei tok skavet av veden som dei
kjöyrde heim og hogge til ved.
De at dei skulde på skogen. „Lang-
fredag var i bygdi berre bruka når
dei rïsa om våren. (henta „beit". Sjå
spörl. „Beit og Bromm".)
16. Dei helt til i stogo ved gruva
skorsteinen når dei skov, men
og i sjole nar varet var mildt.
17. Dei ha ein skavkniv som var
gjort til dette bruket, „skavelen"
sa dei. Den såg slik ut,  med
tvo handtak til halla i.
Dei smia desse skavlar men some bruka
og böygja gamle ljåar. Til mindre
ved bruka dei berre ein kniv.
18. Norkor anan måte fortels ikkje at hev
vore bruka her.
19-20. Dei sette vedskia i fanget
og mot gruvekanten, so drog dei
skavlen mot seg. Ved-skiorne var
svart lange då dei fyra på skors-
steinen)

* sommåren, (sumar).

2137
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

21. Veden var heitande skaved, og borken berre skav.

22. Dei skov som fyr sagt av små og stor ved.

23. Dei bruka or om kubbe, vedskidor av kløyvde kubbar.

24. Dei skov borken av innte veden.

25. Veden som var rå turka no fort, då borken var av so den var god både til baksteved og ana.

26. No vert skav lite nytta enkelte små pladsar gjer det nokk i vårknipa då foret tryt. Men for de meste so er ana hjelpefor lettar og tente. Difor var det mest slutt då 1900 hundraåret steig inn, her i bygdi.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2137